

Vedlegg Q2

Til: Alver kommune
Frå: Arne Juul Urnes

Dato: 12.03.2023

Forklaring på avvik mellom vedlegg i nabovarsel og byggesøknad

I e-post frå byggesaksvakta ved Einar Aase, mottatt 31. januar 2023, vart det opplyst om at det måtte søkas dispensasjon for å oppføra tilbygget på huset vårt. Dette sidan tomta er i eit LNF-område. Det vart difor utarbeida ein dispensasjonssøknad og den vart sendt til naboane saman med nabovarsel for tiltaket. Etter at nabovarslane vart utsendt var eg i kontakt med byggesaksvakta på telefon for nokre spørsmål. Då vart eg anbefalt å ta direkte kontakt med landbruksavdelinga for å få avklart om det var mogleg å unngå dispensasjonssøknad sidan me har drift på bruket. Etter å ha kontakta landbrukskontoret fekk me bekrefta at det ikkje er nødvendig med dispensasjonssøknad (ref. vedlegg Q1). Dette er grunnen til at det ikkje er heilt samsvar mellom vedlegga i nabovarselet og byggesøknaden. Som de ser i vedlegg C-1 er vedlegg B1, dispensasjonssøknaden, ein del av nabovarselet, medan vedlegg Q1 og Q2 (dette skrivet) ikkje er medtatt. Sidan det no ikkje er behov for dispensasjonssøknad utgår vedlegg B1, medan vedlegg Q-1 og Q-2 er inkludert.

Med vennleg helsing

Arne Juul Urnes